

Aurland, 29.06.2026

Uttale Låvi kraftverk

Som ein av fleire grunneigarar ønskjer Aurland Skyttarlag å kome med uttale til bygginga av Låvi kraftverk, der og uttalen omhandlar andre grunneigar på Låvi. (sjå presisering til slutt)

Aurland skyttarlag ønskjer utbygginga velkomen, men har og forståing for at masseuttaket knytt til bygginga, kan vere utfordrande å akseptere for dei som vert råka av massedeponia og følgjene av det.

Vårt innspel går på at alle massar som kan føre til at nærmiljø, grunneigarar og kommune kjem betre ut enn dagens situasjon bør utbyggjar støtte opp om, og etter beste evne tilfredstille alle ønskjer om utnytting av massemengdene til miljøforbetringstiltak som kjem lokalsamfunnet til gode.

Kort om Aurland Skyttarlag. Vi er eit aktivt skyttarlag og som har anlegg for både innendørs og utendørs skyting. Skyteanlegget på Låvi er hovedanlegget i kommunen, og i 2019 investerte skyttarlaget i nytt klubbhus og standplassar til 16 mill.kr inkl mva. F.t. pågår ei ombygging/modernisering av 100 m skytegrav, og det same vil tvinge seg fram med tida for 200 m skytegrav også. Alle desse tiltaka er utforma med og mål om at nærmiljøet skal kome betre ut med omsyn til m.a. støy og ferdsel og bruk av nærområdet til friluftsliv og næring.

I mai i år vedtok Aurland kommunestyre ein ny reguleringsplan for skytebaneområdet inkludert tilkomstvegen til området. Detaljereguleringsplanen vart til som følgje av at grunneigarane og skyttarlaget samla sto bak eit initiativ om å ta i mot tunnellmasse frå renoveringa av Lærdalstunnellen som starter opp i september 2026.

Torsdag 11 juni i år møtte grunneigarane og statens vegvesen med prosjektleiar for Lærdalstunnellen for å avklare detaljane med utfyllinga i skytebaneområdet. Massemengder vart orientert om og status er at Statens vegvesen ikkje har nok massar til å fullføre den vedtekne detaljreguleringsplanen for utfylling. Mangel på massar er grunnen til dette.

Dvs. at her har skyttarlag og grunneigarar har ein godkjent reguleringsplan som ventar på fullføring når meire tunnellmassar kan hentast ut. Mengda massar er ikkje heilt avklara, men omlag 50 000 – 70 000 m³ kan fort bli behovet.

Som nemnd i eit avsnitt overfor så har skyttarlaget og grunneigarane i området eit sterkt ønskje om, og eit klart mål om å få fullført massedeponeringa som er planlagt omkring skytebanefeltet slik at dei miljømessige føremonene ei utfylling har vert fullført. Det er støy-, ferdsels- og forureiningsavgrensingar som detaljreguleringsplanen omhandlar.

Grunneigarar og skyttarlaget ønskjer at Hafslund Kraft AS prioriterer massar til fullføre massedeponering om konsesjonen for bygginga av Låvi Kraftverk vert gjeve. Det er ein vedteken detaljreguleringsplan for bruk av tunnellmassar til føremålet, noko vi vonar Hafslund Kraft vil legge vekt på i sine massedeponeringsvurderingar.

Ser fram til å høyre frå dykk.

Med venleg helsing

Aurland Skyttarlag

Magne Forberg, leiar.

NB! Grunneigarane på Låvi er ikkje førelagt denne uttalen, men den byggjer på dei møta og samtalane vi har hatt med og utan Statens vegvesen om deponering av massar frå Lærdalstunnellen i skytebaneområdet. Kopi av uttalen er sendt alle grunneigarane den 01.07.26 og der kvar og ein står fritt til å ikkje stø opp om uttalen o mdei ønskjer det.